



BORE KYRKJE
SETT - FAMNA - UTFORDRA

Protokoll frå møte i Bore sokneråd tysdag 17. 12.2019

Møtestad: Bore kyrkjekontor

Frå saksnummer: 76/19

Til saksnummer: 81/19

Av soknerådet sine medlemmar/ varamedlemmar møtte:

Nicolai Homme (leiar)
Torunn Renate Bore (nestleiar)
Jens Kåre B Stokka
Elisabet Haarr
Jonas Meling Berge
Marita Midtun Finstad
Torill Steinvoll Bøen (varamedlem)
Ivan Fjeld, sokneprest

Andre:

Elin Anita Garpestad, dagleg leiar

Meldt forfall:

**Me stadfestar med underskriftene våre at det som er ført i
protokollen er i samsvar med det som vart vedteke på møte.**

**Me starta soknerådsmøtet med å nytte god tid til
mat, opning og bøn.**

Innkalling til møte i Bore sokneråd 17. 12. vart godkjend.

Protokoll frå møte i Bore Sokneråd 19. 11. vart godkjend.

SAK 76/19**Samtale om arbeidet****Drøfting**

Samtalen i møtet med leiarane i husfellesskapa viser at mange er villige til å bidra til Alpha. Dette skal me få til! Informasjon om kurset blir sendt ut på forskjellige måtar. Alle i menigheten bør vera aktive for å få med folk me kjenner. Første gongen er det ikkje forpliktande påmelding. Det blir gjort på første frammøte.

For å halda tidsramma på gudstenestene, blir det foreslått å aldri ha dåp og nattverd i same gudstenesta. Ein vil også følgja tekstrekkjene på G2, ikkje temagudstenester som no. Erstatninga for temagudstenestene kan bli kveldssamling med tema/bibelundervisning til hausten, ca 2 gonger pr. semester.

Soknerådet ønskjer ikkje å ta i bruk den 4. gudstenesta i Bore grunna behovet for vikarar/frivillige.

Det må koma fleire med i familigudstenestekomitéen, alternativt må ein redusera talet på fam.gudst. Menigheten må ta større ansvar. Torunn Renate kallar inn Jonas, Marita og Elisabet til drøfting om tiltak for å få fleire med i søndagsskulen/familigudstenestekomitéen. Det blir ei sak på neste møte.

Forslag til vedtak

Soknerådet drøftar og gjer vedtak i møtet.

Vedtak

Alphakurset har oppstart 21. januar. Temapreikene i G2 vil til våren bli erstatta av kveldsundervisning eit par gonger pr. semester.

Soknerådet arbeider aktivt for å få fleire frivillige til søndagsskulen/familiegudstenestekomitéen.

SAK 77/19**Informasjon frå og til fellesrådet****Drøfting**

Ivar Slettebø frå Klepp sokn vart vald til leiar. Marita vart medlem i administrasjonsutvalet.

Forslag til vedtak

Soknerådet tek saka til orientering.

Vedtak Soknerådet tek saka til orientering.

SAK 78/19 Budsjett 2020

Drøfting Budsjettet vart drøfta. Det viser seg at det er feil på eit par postar i forslaget. Dagleg leiar har retta opp. Budsjettet går framleis i balanse. Men det vil bli behov for revidering når rekneskapen for 2019 ligg føre.

Forslag til vedtak Soknerådet vedtek budsjett for 2020

Vedtak Soknerådet vedtek budsjett for 2020 med endringar gjort etter drøfting i møtet. Budsjettet blir revidert når rekneskapen for 2019 ligg føre.

SAK 79/19 Datoar våren 2020 – sokneråd og årsmøte

Drøfting

Forslag til vedtak Soknerådet våren 2020 blir kl. 19-22: 22. januar, 4. mars, 15. april, 13. mai, 10. juni.

Årsmøtet 2020 blir 8. mars i etterkant av G2-gudstenesta

Vedtak Soknerådet våren 2020 blir kl. 19-22: 22. januar, 19. februar, 15. april, 13. mai, 10. juni.

Årsmøtet 2020 blir 8. mars i etterkant av G2-gudstenesta

SAK 80/19 Strategisamlinga 4. januar 2020

Drøfting

Forslag til vedtak Strategisamlinga blir lagt til 4. januar på kyrkjekontoret. Ivan og Elin Anita har ansvar for tema, soknerådet ansvar for mat.

Vedtak Strategisamlinga blir lagt til 4. januar kl 09 på kyrkjekontoret. Ivan og Elin Anita har ansvar for tema. Alle i soknerådet tek med litt brød og pålegg til restefest. Elin Anita sørgjer for drikke til maten.

SAK 81/19 ORIENTERINGSSAKER

Drøfting Orienteringssakene blei lagt fram.

Forslag til vedtak

Vedtak Soknerådet tar saka til orientering

Eventuelt:

Soknerådet vart orientert om planar for Fuelbox med spørsmål om kristen tru til bruk i smågrupper/husfellesskapsgrupper.